

Sak 31/23. Fjellstyret sitt oppsynsbudsjett for 2024**Saksopplysning/vurdering:**

Fjellstyret må innan midten av november (har fått utsett frist) senda inn oppsynsbudsjett til Statskog SF for godkjenning. Dette budsjettet skal omfatta alt refusjonsgjevande arbeid, d.v.s. arbeid for fjellstyret - administrativt arbeid og feltarbeid på statsallmeningsgrunn i Aurland. Inntektsgjevande arbeid som kortsal, fakturering og tenestosal er ikkje refusjonsgjevande. Framlegg til budsjett ligg ved, ført på standardskjema laga av Statskog SF. Dette er ført i samsvar med Statskog sine retningsliner, og byggjer m.a. på rekneskapstala for 2022 og budsjettet for 2023. Det vert lagt opp til om lag den same bemanninga og timetalet som i 2023. Av samla timetal på 5325 timar er det berekna at 2300 timar (omlag 1,3 årsverk) er tilskotsgjevande arbeid for fjellstyret, og 3000 timar er tenestosal til andre, som SNO, NINA, Felles landbrukskontor ÅLA, Villreinutvalet og Aurland Setjefisk BA.

	Budsjettert timepris	Timepris i rekneskap
2018	439,-	390,-
2019	448,-	397,-
2020	453,-	429,-
2021	453,-	439,-
2022	466,-	538,-
2023	486,-	-
2024	<b>592,-</b>	

Tabellen ovanfor syner at fjellstyret i fleire år kom ut med ein timekostnad som låg noko under det som var budsjettert. Dei to siste par åra har derimot timekostnaden i rekneskapen vorte ein del høgare enn budsjettert. I forslaget til budsjett for 2024 har eg teke utgangspunkt i rekneskapstala for 2022 med ein dokumentert timepris på kr. 538, og lagt inn ein auke på 5,4 % ut frå lønsoppgeret i år, og vidare ein venta lønsauke på 4,5 % i 2024. Eg kjem då fram til ein timekostnad for 2024 på **kr 592**.

Summen ein kjem fram til i rubrikken «Sum tilskuddsberettiget arbeid» på skjemaet er grunnlaget for utrekning av det statlege tilskotet til fjelloppsyn i statsallmenning, ut frå ordlyden i § 36 i Fjellova. Tilskotssummen kan tilsvare inntil 50 % av kostnaden, men er avhengig av kva som vert den reelle løyvinga i statsbudsjettet. Det normale har vore at tilskotet har vorte noko avkorta etter Statskog SF sin gjennomgang av rekneskapstal og timetal for refusjonsgjevande arbeid. Ofte har statstilskotet til Aurland fjellstyre berre dekt omlag 35 % av kostnaden med ordninga. I fjor haust kom det godt nytt frå Stortinget om at løyvinga til fjellstyra si oppsynsordning i 2023 vart auka med 5 mill. kroner, eller 50 %. Framlegget til statsbudsjett i haust legg opp til at tilskotet vert halde oppe.

**Framlegg til vedtak:**

Det framlagde oppsynsbudsjettet for 2024 vert godkjent og oversendt Statskog SF.

Fjellstyrekontoret, den 14.11.22  
Harald Skjerdal

